

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har følgjande avdelingar: De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, Norsk Reiselivsmuseum, Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter og Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Stiftinga har omlag 50 årsverk. [Les meir om Musea i Sogn og Fjordane](#)

PROSJEKTSTILLING VED MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Registratorar

i prosjektstilling (50-100%) med minimum 12 månaders engasjement.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal etablere nytt fellesmagasin for alle avdelingane, og vil som ei førebuing til å ta det nye magasinet i bruk auke innsatsen på samlingsforvaltning i åra framover.

I samband med flytting og magasinering av kulturhistoriske gjenstandar er det oppretta prosjektstillingar knytt til registrering av samlingane. Gjenstandstypene er særleg knytt til tradisjonell bonde- og kystkultur.

Arbeidsoppgåver

- Identifikasjon av gjenstandar
- Merking
- Registrering i Primus

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Kjennskap til Primus og registreringsarbeid
- Kunnskap om materiell kultur
- Utdanning innan kulturhistorie eller andre relevante fag
- Høg arbeidskapasitet
- Sjølvstendig
- God gjennomføringsevne
- Førarkort

Arbeidet vil vere knytt til delprosjekt over fleire månader ved ein skilde avdelingar ved Musea i Sogn og Fjordane. Arbeidsplass vil derfor kunne endrast i løpet av engasjementet.

Stillinga blir lønna etter avtale, basert på landsovereinskomsten for museum (Virke). Det er ønskeleg med snarleg tiltreding. Mogelegheit for forlenging av engasjement.

Nærare opplysningar får ein ved å ta kontakt med Thomas Walle tlf. 926 22 055 / E-post:

Thomas.Walle@misf.no

Søknad med CV skal sendast til stilling@misf.museum.no eller til Musea i Sogn og Fjordane, Gota 16, 6823 Sandane, innan 15. januar 2020.

Søknad merkast «Registrator MiSF».